

I jubileumsåret har laget 100 medlemmer. Eldste medlem er 100 år. 5 stk er over 90 år og 2 nærmar seg 90. 18 er i 80 åra. Berre 8 stk er under 50 år. Den yngste er 35 år. Resten, 66 stk er mellom 50 og 80 år med ein topp på ca 70 – 75 år.

Lagsbøker

Den eldste lagsboka vi har funne er frå 20.04.48. Laget vart då nemnt som helselaget sin kvinneforeining i Uskedalen. I den tida vart det berre skreve om årsmøte, t.d. hadde Uskedalen helselag i 1950 2 ettersynsmenn, fru Karoline Arnesen og fru Margit Myklebust. Sivil status var rutine den gongen og fru Fredsy Myklebust vart skrivar i 51. I 52 er det notert at frøken Anna Omvik framleis står som kasserar.

Som lagsnamnet peikar mot arbeidar vi med helserelaterte spørsmål og arbeidsmåla har endra seg gjennom åra som har gått. Då nasjonalforeningen vart skipa i 1910 var det særleg tuberkulose det handla om. På Valen fekk vi Ekely tuberkulosesanatorium med 20 senger i 1915. Det var også heilt lokale saker og årsmøtet i 52 kjøpte ny sjukekorg sidan den gamle var utsliten. Møtet løyvde kr 50 til kvar av åndsveikeheimen for vestlandet, flyktninghjelpa og kreftarbeidet.

I 54 markerte laga i bygda for fyrste gong kreftdagen 15. oktober. Det vart halde basar som gav kr. 582 til kreftsaka. Det blei også løyvd pengar til sjukepleiarskulen i Oslo.

I 58 kjøpte laget ny vekt til barnekontrollen. Den var til utlån mot betaling. I 1960 var vekta i ustand og det kom berre inn kr. 5.00 på utlån. Vi godt vaksne hugsar barnekontrollen hos Fredsy. Fredsy verva medlemmer til helselaget når dei kom på spedbarnskontroll.

Det var alltid trong for pengar til gode formål. I 59 samla laget inn pengar til nord Norge, kr 1363. I høve flyktningeåret kr 1837 og til kreftsaka kr 328,20. I 61 fylgde vi opp med bygdeinnsamling til Kongo, kr 1489.

1960 talet

I 61 er det for fyrste gong notering om utlån av koppar. Det kom inn kr. 50,00 for lånet. Erstatning for knuste koppar var kr. 47,50.

I 62 var fyrste året med notering om hjarteaksjon.

Møta har vore ulike stader. I januar 64 – det vart avgjort at helselaget skulle ha sine møte i skulestova i bedehuset dersom dei fekk lov til det. Det fekk dei. Frå den tid er det skreve referat. Etter mykje diskusjon vart det bestemt innkjøp av 100 koppar. Laget hadde søkt om tilskot til kjøpet og fekk kr. 1000 til formålet. Det vart også kjøpt inn 10 dukar. Til møta hadde kvar med seg kaffi som vart samla inn og kokt samla. Alle hadde med eigen mat.

Basarane var meir høgtidelege før. Fast innslag var andakt eller tale. T.d. talte res. kap. Seim på basaren i 64. Det var fyrste gong basaren var i Helgheim.

Tidlegare var helselaga i Kvinnherad samla i Kvinnherad helselag. Ein hadde god kontakt med kvarandre og på møtet i mars 64 vart det fortald frå årsmøtet på Snilstveitøy og korleis dei hadde det der. Den gong hadde også Haugland og Musland eige helselag.

02.02.65 – det var trim på møtet, mest for di det var kaldt i bedehuset – men det skulle også vera godt for helsa.

Basar i 65. Fru Johanna Feet snakka til opning. Ho tok opp om dei sjuke og gamle som ikkje vann hjelpa seg sjølve i alt. Ein måtte sjå innom dei. Dei tykte so vel um at nokon såg innum døri. Fylkesårsmøtet var på Vaksdal det året. Der var det også fokus på eldre og sjuke.

25.10.65 – Var det helselagsmøte der formannen fortalde frå formannsmøte på Dimmelsvik same dag. Det var tale om å heva løna til samaritten slik at den vart lik løna til husmorvikaren. Det var også snakk om godtgjersle for køyretøyet ho brukar.

23.11.65 – Stykke frå «nyhende frå helsenytt» om Nasjonalforeningen sitt arbeid vart lese opp. Dette vart fast innslag på møtene frå 65 og utover.

12.01.67 – Møtet var i biblioteksalen. Årsmøtet opplyser at fleire unge er komne med i foreininga. Helsenytt skal frå no koma gratis til alle lagslemene for å spreia opplysning om helselaga sitt arbeid. Årsmeldinga for 66 viser at det i tillegg til lodd for Nasjonalforeningen vart seld maiblomar og julemerke. Fru Edle Kindt demonstrerte «munn til munn» metoden. Det var kjøpt skumgummimadrassar med trekk til begge sjukekorgene sidan det var klaga på at dei gamle madrassane var harde og vonde. Ein betalte kr. 5.00 for leige av kvar bære.

02.11.67 - Formannsmøte. Forslag om å kjøpa nye sjukebårer for dei gamle var så tunge til å få på fly og båt når det trongst.

Slutt på barnekontroll i regi av helselaget. Utstyret skulle ikkje seljast men plasserast i bygda. Nyeskulen fekk skapet. Helgheim fekk 1 bord. Bedehuset fekk bord nr. 2. Personvekta vart plassert i bedehuset.

Årsmøte 69. Ein må gjera noko for dei gamle, hjelpa dei med hårvask og stell av føtene, samla dei til ei hyggestund i blant.

1970 talet

22.01.70 – Det var bordseta med rjomegraut, spekepølse og kringla, etterpå kaffi, smørbrød og kaker. Takka av Anna Omvik for arbeidet som kasserar og alt ho hadde gjort for laget.

12.11.70 – Spørsmål om laget skulle laga julepakkar til Valen sjukehus. Det vart gjort. Det vart sendt 50 pakkar det året.

Frå 71 var det i mange år eldrefest, fyrst i skulen og seinare på Solheim. Der var det sjølvstakt god mat og ymse program med opplesing, song og musikk, ljusbilete og andakt. Edith Kjærland var mykje nytta til opplesing.

14.3.72 – Møte på Kjærland, heile 12 stk møtte. I 72 kom det til 10 nye medlemmer.

23.01.73 – Årsmøte, spisebestikk til bygdekjørela, 100 av kvar sort skal kjøpast. Helselaget gav flag og flastong til stemneplassen.

I 74 vart det bestemt å betala kaffipengar på kvart møte. Mat gjekk på omgang – 2 g 2 stk.

01.12.74 – Eldrefest, ca 40 stk. Den nye sosialkuratoren, Tordis Søvde var med. Ein måtte ikkje vera redd for å snakka med dei. Ein måtte ikkje samanlikna dei med fattigkassen.

Årsmøtet 75 fekk nye styremedlemer, Hilda Guddal, Margit Eik og Åsta Sunde. Ein drøfta doktorkontoret som var lagt ned, kanskje få privatpraktiserande til å ta kontordagar.

I 75 vart det bestemt at medlemmer ikkje lenger skulle få helsenytt. I 76 vart hjartefemmaren til hjartetieren.

16.10.76 Tur til gamleheimen. Det vart servert god og variert mat. Program, allsong, opplesing og prat. Fleire år var ein på hausttur til gamleheimen med mat, prat og program – Rosendal.

12.10.77 Fotpleie i moglege samarbeid med husmorlaget vart diskutert.

1980 talet

I 1981 vart det «strid» i Kvinnherad helselag. Nokre lag ville løysa opp Kvinnherad, slik at kvar bygd arbeidde for seg sjølv.

15.02.83 Guddalsdalen har meldt at dei går ut av Kvinnherad helselag. Det var vanskar i Nasjonalforeningen. Det var innkjøpt 530 pengespelautomatar som ikkje var utplassert. Uskedal tok ikkje imot sidan her stod 2 frå raude krossen. Hjartetieren er blitt lotteri og Uskedal friluftslag ber om at alle lag i bygda betalar medlemspengar, ein kan sjølv bestemma summen. Dette for at friluftslaget kan fullføra bygginga. Helselaget bestemte kr 100 i medlemspengar til friluftslaget.

19.10.83 – Tur til gamleheimen. Selma Eik var med og heldt andakt.

14.11.83 – Bestemt å gje blomar til alders- og sjukeheimen. Det vart før gjort av Kvinnherad helselag.

12.01.84 – Kr 2000 til ultralydapparat ved Stord sjukehus. Helselaga organiserte innsamling til fulldekking. Og kr 1000 til nye uniformer i musikklaget

1985 – Raude kross kr 1000 til redningsutstyr, helselaget kjøpte blomar og planta i urnene på stemneplassen. Laget spanderte kyrkjekaffi i bedehuset til 50 – 60 års konfirmantane.

06.10.87 – Tv-innsamling 18.10 «hjerter for livet» helselaget gjekk med bøssene.

Hselaget gav gardiner til stemneplassen. Det vart bestemt å senda ut kontingenten på bankgiro.

29.11.87 – Juleleder til Rosendal og Husnes.

1988 – Kr 5000 til uapparat ved Stord sjukehus.

89 – Årsmøte Kvinnherad helselag i Uskedalen. Det var endeleg oppløysing av laget. Pengane vart delt på kreft- og hjartesaaka. Kwart lag fekk sitt bordflag.

1990 talet

12.02.91 – 2 tryggleiksalarmar i gåve til kommunen.

1992 – Høgtalaranlegg i kyrkja kr 20000. Pengane var løyvt berre til anlegget og arbeidet måtte starta snarast. Kr 3000 til LHL hjartestartar.

1993 – Hjartetieren kjem som skrapelodd.

28.11.93 – Eldrefest på Solheim, familien Lyse ordna festen.

01.02.94 – Det var registrert 157 medlemmer. Mammografi kr 100 pr pers i reisetilskot- 46 stk påmelde reiste til Åsane.

25.10.94 – Kristiansen frå styret for Uskedal Utvikling orienterte om gamleskulen som dei hadde overteke frå kommunen

12.01.95 – Bauta på stemneplassen 2000. Kutta ut eldrefesten, gav i staden kr 2000 til frelsesarmeen. Blomehelsing til dei i bygda over 90 år + som før gamleheimen.

12.01.96 – Fysioterapeut Jostein Eikeland føredrog om plager i rygg, nakke, armar og bein og korleis ein kan førebyggja. Han fekk oss med på øvingar som kunne hjelpa.

23.01.96 – Årsmøte kjøpt 100 isskeier, pris for leige av kjørela vert kr 500. Fotpleie på møterommet – 1 gong/ måned kr 130.

24.11.96 – Eldrefest på Solheim, mykje folk. Selma ynskte velkomen.

14.0.97 – Brev frå Stord husmorlag – labbar til føden?

03.04.97 – Kjøpa måleri av Aud Myklebust til aldersheimen i Rosendal, refleksvestar til 6 åringar. Ordninga med refleksvestar varde til politiet starta utdeling i 2001.

02.06.97 – Tre til stemneplassen, tre – symbol på org arbeid og sjølv livet. Jonsok vart turvegen til Skårhaug opna av ordførar Aksel Kloster. Treet vart planta av Margit Eik og Eva Myklebust.

18.11.97 – Fysioterapeut Anita Bjønes, fekk alle med på fotøvingar– avsagde kosteskaft, julepakkar, takkebrev for labbar frå føden.

02.02.98 – Puter til kyrkjebenkene + ein benk til å ha ute på kyrkjegarden. Basar, ny rekord kr. 19.000.

09.09.98 – Styremøte, putene kjem på kr. 51000 utan frakt, må godkjennast av riksantikvaren.

14.01.99 – Møte om varmebad på Husnes.

Helselaget saman med Bergen beinhelse hadde beinmåling i Helgheimskjellaren, for kvinner over 40 år, påmelding til Selma.

20.01.99 – Putene til kyrkjebenkene kom til slutt på kr 63.000 + frakt kr 1000. 17.11 brev frå Anders Jahre legat. Kan søkja om lokale tiltak. Søkte om tilskot til putene og dukane.

2000 talet

22.02.2000 – Tilbod om triminstruktørkurs på Stord frå Nasjonalforeningen sin hjartekommite. Planar om å gå i gang med trim for eldre. Johanna og Gunvor var på kurset. 5.4. Starta trim for eldre saman med Uskedal idrettslag.

10.10.2000 – Kr 2500 til blodprøvetakingsstol ved Rosendal helsesenter.

2000 - Bøsser til demenssaka.

06.11.01 – Tuberkulose på veg inn att.

15.01.2002 – Fekk frisørstolar frå Aud Helen til fotpleien.

20.02.02 – Kr 15000 til varmebasseng. Basar ny rekord med kr 22870. Lavo til skulen kr 2000. Skulen sel maiblomar.

11.09.02 – Dr Solheim orienterte. Kvinnherad var 1. kommunen i landet som fekk utplassert hjartestartar rundt i bygdene. Støtte til mobil teleslynge til bruk i offentlege bygningar.

2002 – Nb! Nasjonalforeningen finansierer halvparten av hjarteforskinga i Noreg. Dei oppretta «det norske råd for hjarte/kar» i 1955.

23.01.03 – Besøksordning for eldre? Laga liste med aktuelle namn. Ein fekk handbok for tilsette og tillitsvalde i Nasjonalforeningen. Folkesti med gåstavar.kr 2000 til blomemkonto ved aldersheimen – pynt til helgane. Fotpleie var i gang.

2003 – Basar kr 25121, Utne/Agatunet/Hardanger fuksia. Kr 5000 til turveggar – merking og tilrettelegging. Gunvor var på trimkurs på Litlabø. Vi blir bedne om å vera med på «syng med oss»

I oktober 2003 invitasjon til rådhuset «helse i Norge i 400 år» markering 07.11.03. Opna utstilling «Helse i Kvinnherad i 150 år»

05.01.04 – Kr. 3000 til brystpumpe. Idrettsplassen på Heio ynskte leikeapparat for små born. Helselaget skaffa kr 14000 frå «rehabilitering». Fyrste året på «syng med oss». Friidrettsgruppa selde hjartelodd. I 2004 planta Helselaget på stemneplassen og stelte blomane. Gunvor hadde trim for eldre. Dette året var det tur til Odda helselag med omvising i Tyssedal industristadmuseum. Årsturen gjekk til Haugesund.

06.12.04 – Adventmøte med pakking av 100 julegåver. Bestemt blom til kvar av Uskedalingane på Rosendalstunet.

10.01.05 kr 25000 til flaumkatastrofe i aust-Asia, overført via Raude kors.

07.02. Frivilligsentralen Anniken Kjeka på møtet. Gratis for brukarane. Kommunen fekk kr 235000 i statsstønad til oppstart, gjekk inn med om lag same summen sjølv.

16.02.05 – Skulen sel maiblomar. Petter Puls kom i 2005 – 9 -11 åringar i skulen. Oppfordring til seniordans. Fylkesårsmøtet var i Rosendal. Påpeika at seniordans og gå gruppe er viktig.

28.11.05 – Ny blodtrykks- og pulsmålar ved helsesenteret i Rosendal. Kr 3000 på kvart lag: Uskedal, Løfallstand, Rosendal, Seimsfoss og bygdekvinnelaget i Dimmelsvik.

Hausten 2006 gjekk ein over frå møte kvar 14 dg til 1 gong i månaden. 2006 – 100 år sidan dr Alzheimer sette fokus på sjukdomen.

11.09.06 – Til foreldre: Sunne oppskrifter for svoltne barn.

11.12.06 – Risengrynsgraut. 100 julegåver, 131 par labbar til føden. Dette var 1. gong Ola Matti kom på møtet, tok bilete og skreiv på uskedalen.no.

30.01.07 – Matkurs for born, datakurs for eldre, mat for eldre «nye tider – nye eldre» røykesluttkurs. 2007 det 49. året med hjarteaksjon. Nasjonalforeningen hadde 33 stipendiatar, hadde bidrege med over 2 milliardar til forsking. Opptakt til eldrekafe i gamleskulen.

10.02.07 – «Den store frivillighetsdagen» på Husnes. Stand

23.04.07- Ruth Henriksen frå eldrerådet

2008 – Tiaren kr 3000 til utstyr, EKG Rosendal helsesenter 5000. Mona Enes foredrag «eldre og trening»

29.04.08 – Styremøte pr telefon, kr 6000 til CRP utstyr i heimesjukepleietenesta i Myro.

2008 – 1. gong hoppetaukonkurransen var nemnt. Uskedalen skule var ikkje med.

21.10.08 – Dagsseminar «folkehelse i Kvinnherad»

12.01.09 – Hoppetau kr 1000 til Uskedal og 1000 til Bringedalsbygda, Uskedal skule var med på hoppetaukonkurransen. Urinkontrollapparat i Myro kr 5000.

19.10.09 – Kr 10000 til trimrom til bruk for legetenesta og ambulansetenesta ved Husnes helsesenter.

Rekord basar kr 38576

2010 talet

2010 – Slutt på samarbeidet mellom Sanitetsforeininga og Nasjonalforeninga om sal av maiblomar.

08.04.10 – Bestemt slutt på labbar til føden. 27.10.10 oppstart gågruppe.

31.01.11 – Skulefrukt 1 gong/månad. Dagavdeling Husnes demens kr 10000, vasskjølar til drikkeautomatar ved ungdomsskulane kr 7000.

Afa overtok bygdekjørela i 2012, gratis.

05.03.13 – Regionsmøte. Cecilie Bjørke var med, snakka om folkehelselova, ver obs på heimesida til Kvinnherad Frisklivssentral med aktivitetsoversikt. Kan få hjelp til å utdanna instruktør til trening. Ho har laga deler av treningsprogrammet vi har i dag.

06.05.14 – Frisklivskoordinator Geir Ove Fosse, trening for eldre. Ernæringsfysiolog frå kommunen snakkar om kosthald.

Styrketreninga starta 15.09.14

Årstur til Bjørnebølet 25.09.14.

03.03.15 – Løyvt kr 1000 til beste klasse i hoppetaukonkurransen ved Uskedal skule. Dette i høve 10 års jubileet. Bassengutstyr for handikappa ved bassenget i Rosendal vart kosta av helselaga i Kvinnherad. Transport til Tinstafetten kr 6000.

2016 – Lokalt kr 1000 til Festidagen, kr 1000 til diskotek for psykisk utviklingshemma, kr 5000 til Tinstafetten. Gull av grus. Kr 100000 frå Sparebank1 stiftinga, laget fekk facebook side, benker til «gull av grus» plassen, stand på sparløpet, tur til Fitjar, syng med oss på Rosendalstunet. Året slutta som vanleg med pakking av julegåver til valen og levering av juleblomar.

No er vi godt i gang med 2017. Borna trenar til Tinstafetten og dei er påmelde til hoppetaukonkurransen, årsmøtet er avvikla og 2.04.17 vert det basar der alle sjølvsgagt er velkomne.

Tekst: Eli Roseth Eik

Dato: 11.03.2017